

Årsrapport

2023



normisjon

region sogn og fjordane

1.0 Normisjon region Sogn og Fjordane

Normisjon region Sogn og Fjordane har kontor på Sandane. Regionen er tilslutta Normisjon som har hovudkontoret i Oslo. Normisjon sin visjon er: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag", med kjerneverdiane: "Elska og sendt".

Regionen eig og driv: Fjordly Ungdomssenter, Teigen Leirstad og Holmely omsorg og retreat. Region Sogn og Fjordane eig også Fjordly Barnehage, Nordfjord folkehøgskule og Sunnfjord folkehøgskule. Regionen har aksjekapital i Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS.

1.1 Regionleiinga

Regionstyret har etter årsmøtet 2023 vore samansett slik:

Tittel	Namn	Periode	Bustad
Leiar	John Olav Hoddevik	2022-2024	Sandane
Nestleiar	John Bjarne Geithus	2021-2024	Naustdal
Styremedl.	Aud Norunn Vig	2022-2025	Florø
Styremedl.	Marta Fimreite	2023-2024	Sogndal
Styremedl.	Margrete Haug	2021-2024	Sogndal
Styremedl.	Kaare Michael Christoffersen	2023-2026	Stryn/Innvik
Actarepr.	Johan Olav Nyberg	2023-2023	Stryn
Ny Actarepr.	Pål Andreas Berntsen	2023-2024	Bryggja
Ansatt repr.	Eva Stavseth Langseth	2023-2024	Bryggja
1.vara	-	-	-
2.vara	Anne Berit Refvik	2023-2024	Raudeberg
3.vara	Svein Helge Hovstad	2023-2024	Sandane

1.2 Arbeidsutvalet 2023

Styreleiar: John Olav Hoddevik

Nestleiar: John Bjarne Geithus

Regionleiar: Jostein Bildøy

1.3 Valnemnd

Liv Årdalsbakke Bruland, 2023-2025

Jermund Myklebust, 2022-2024

Karl Øystein Haug, 2022-2024

1.4 Revisor

Det vart ikkje valt revisor for rekneskapsåret 2023.

1.5 Regionstyret sitt arbeid

Regionstyret har i 2023 handsama 69 saker.

2.0 Tilsette

2.1 Region

I løpet av året var det 4 tilsette i regionen, alle menn:

- Vegard Tennebø, *Fellesskapsutviklar 20% Møtepunkt B*
- Stian Stokkebekk *Fellesskapsutviklar 70%. Fram til 1.september*
- Aleksander Emberland Bildøy, *Administrasjonsmedarbeidar 20% frå 01.06.*
- Jostein Bildøy. *Regionleiar 100%*

2.2 Einingane

- Hildegunn Vederhus, *100% dagleg leiar Fjordly ungdomssenter*
- Eva Langseth, *80% dagleg leiar Holmely Omsorg og Retreat*
- Aud Holvik Nordpoll, *timebasis på vaskeri for Fjordly og Holmely*
- Wenche Nygård, *dagleg leiar Fjordly barnehage*
- Anna Marie Skogli Vatnamo, *dagleg leiar Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen.*
- Hildegunn Gjesdal Tennebø, *rektor Nordfjord folkehøgskule*
- Jon Olav Leira, *rektor Sunnfjord folkehøgskule*

2.3 Gjestetalarar

Internasjonal leiar Tore Giil Bjørsvik talte på regionårsmøtet i 2023.

Actaleiar Rune Liodden besøkte regionen og heldt andakt.

Generalsekretær Kjetil Haga vitja Nordfjord folkehøgskule i høve jubileum.

3.0 Om arbeidet i regionen

Regionleiar har igjennom året måtte utføre Actaleiar sine oppgåver. I tillegg har det gått mykje tid for å forsøke å løyse dei økonomiske utfordringane.

Den 29-30.september i Innvik arrangerte regionen eit rådsmøte der økonomien og arbeidet vart drøfta.

I etterkant vart det satt ned eit økonomiutval som fekk innsikt i rekneskapen og kom med sine innspel og råd.

3.1 Jubileum

Det har vore mange jubileum i 2023.

Nordfjord folkehøgskule 100 år

Sandane bedehus 100 år

Måløy bedehus 100 år

3.2 Foreiningane

Det er stadig utfordringar med å få oversikt over kor mange foreiningar me er, men det er ikkje tvil om at det er mange stadar der folk samlast om Guds ord, ber for bygdene og arbeidet til Normisjon både her heime og i samarbeidslanda.

Elles har fleire foreiningar engasjert seg med bønn og gåver til ulike misjonsprosjekt.

I Acta er det 18 barnelag, ungdomslag, kor med meir.

3.3. Media

Nyhende blir lagt ut på facebook. Ressursar til taler og opplegg til smågrupper finn de på <https://www.normisjon.no/sof/ressursar/>.

Regionbladet har også blitt gitt ut jamleg i sitt nye format .

3.4 Stabssituasjonen

Staben har gradvis minka gjennom året. Actaleiar Stine Hopland avslutta stillinga si i permisjonsperioden. Det vart starta ein prosess for å tilsette ny actaleiar. Dette resulterte i eit tilbod sommaren 2023 som vedkommande diverre takk nei til.

Den økonomiske situasjonen har gjort det utfordrande å lyse ut nye stillingar elles.

Mot sommaren takka også Stian Stokkebekk for seg og gjekk over i ny stilling utanfor Normisjon.

Vakansen i administrasjonen har gjort arbeidet meir krevjande sidan dei same oppgåvene no må fyllast av færre personar. I slutten av oktober vurderte regionleiar det slik at økonomien ikkje tillèt hans eiga stilling og han sa opp. Regionleiar jobba ut året.

4.0 Einingane

Einingane våre har eigne årsrapportar og rekneskap som vil bli offentleggjort på nettsidene våre. Årsrapportane skal ikkje lenger opp som sak på regionens årsmøte, men kan gjerne lesast til informasjon og inspirasjon.

5.0 Minneord

Styret vil takke for tenesta frå dei som har gått bort siste året.

Livet er ei verdifull gåve gjeve oss av Gud i kjærleik med gåver og oppgåver. Vi kan kjenne på sorg og sakn, men mest på takksemd for det dei fekk vere medan dei var her saman med oss.

6.0 Økonomi

Årsregnskapet syner at regionen i 2023 har eit overskot på 1 328 404,-. Om ein ser vekk frå den store gåva regionen fekk på 1 500 000 kr så gjekk drifta med eit underskot på omlag kr 172 000,-.

Det har vore jobba mykje med å både auke inntekter og redusere utgifter ila året 2023. Reduksjonen i utgifter er i stor grad reduserte lønnskostnader. Det er også ein liten auke i inntekter målt mot 2022.

Misjon er ikkje først og fremst bygningar eller aktivitetar. - det er folk og relasjonar der Jesus kan verte verkeleg. Vi vonar derfor de ynskjer å fortsette å gje gåver gjennom fastgjevarteneste og avtalegiro. Regionen har ulike satsingar vi trur og vonar vil vere til velsigning for arbeidet i Normisjon.

Vi ber særskilt om fleire faste gjevartalar for å sikre ein stabil økonomi og for kunne tilsette arbeidarar.

7.0 Takk!

Vi har fridom til å samlast om Guds Ord, fridom til å driva misjonsarbeid både heime og ute, der vi kan få vere med å levandegjere visjonen: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag. Vi står saman med mange medarbeidarar i fleire verdsdelar og mange land, og er takksame både til Gud og menneske for at vi får vera med i dette arbeidslaget.

Det store arbeidsfellesskapet er samansett av *einskildmenneske* som kvar på sin plass gjer eit stort arbeid! Styret rettar ein takk til alle, unge og eldre som står med i arbeidet både med munn og hand, frå talarstol og kjøkkenbenk, med musikkinstrument og vaskebøtte, med giroblankett og hender falda i bøn og lovsong. TAKK!

Hjarteleg takk for all teneste for Jesus og for Normisjon!



John Bjarne Geithus, Nestleiar



John Olav Hoddevik, styreleiar



Marta Fimreite, styremedlem



Pål Andreas Berntsen,
Actastyre-representant



Margrete Haug, styremedlem